



Kvinnherad kommune

Helse
Miljøretta helsevern

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tlf.: 53 48 31 00

Fax: 53 48 31 30

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s
v/Andre Bjørndal
Postbok 103
5649 EIKELANDSOSEN



Saksbehandlar
Synneve Skei

Tlf. direkte innval
46892097

Vår ref.
2015/2909-8

Dato
04.01.2017

UTSLEPPSLØYVE Delegert vedtak

Ansvarleg, tiltakshavar: Andre Bjørndal
Postbok 103
5649 EIKELANDSOSEN

Søknaden gjeld: Nytt utslepp for 11 hytter

Eigedom/byggjestad: 163/4, 163/29, 163/34

Utsleppsstad (resipient): Sjø

Fagkunnig: Byggadministrasjon Harald Bjørndal a.s

Delegert saksnr: 2017/5

Vedtak

Med heimel i *Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta) § 12-5, jamfør Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningslova) §§ 11, 12 og 16, vert søknad om utslepp etter kapittel 13, journalført 06.12.16 godkjent på følgjande vilkår:*

1. Avløpet vert reinsa for organisk stoff i VPI-Baga slamavskiljarar med 3 kammer eller liknande. Slamavskiljar 1 og 2 skal vera på 7m³ og slamavskiljar 3 skal vera på 12m³.
2. Klarvatnet vert ført i utløpsleidning som skal vera forankra på minimum 20 meter djup i straumførande sjø.
3. Utsleppet skal etablerast og drivast i samsvar med krava i forurensningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13.
4. Før arbeidet kan igangsetjast må avløpsanlegget vera omsøkt, naboane må vera varsla og det må vera gjeve løyve etter plan- og bygningslova §20-1

Klagerett

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Bakgrunn for løyvet

Saka gjeld nytt utslepp for 11 hytter i eit hyttefelt på Øyarhamn. Terrenget der hyttene er planlagt, ligg i vanskelig terreng og dei er plassert så langt i frå kvarandre at det er utfordrande å byggja ein felles slamavskiljar til alle hyttene. Det er derfor valt å bruke 3 slamavskiljarar med denne fordelinga:

- slamavskiljar 1 og 2 skal ha to hytter kvar tilknytt anlegget
- slamavskiljar 3 skal ha 7 hytter tilknytt anlegget

Slamavskiljar 1 og 2 er på 7m³ og slamavskiljar 3 er på 12 m³.

Klarvatnet skal førast ut på 20 meters djupna i straumførande sjø. Det er opplyst i søknaden av fagkunnig at plassering av sjøleidning ikkje kjem i konflikt med badeplassar og anna form for rekreasjon.

Vedlikehald/drift

Eigar er ansvarleg for forskriftsmessig drift og vedlikehald, jamfør punkt 8 i søknaden om utslepp.

Gebyr

Rekning for behandlingsgebyr i følgje gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til ansvarleg/tiltakshavar.

For rådmannen i Kvinnherad

Synneve Skei
Saksbehandlar

Kopi til:

Røyrleggjar
Referatsak forvaltningskomiteen
Byggesak